



8 km Ca 3 timar

# Kjeldsund


Fin padletur på om lag 8 km ved Kjeldsund i Herøy kommune.

Etter utsett av kajakk følge du land på venstre side til du kjem til ei bru, sving venstre og padle nordover gjennom sundet. Etter om lag 400 m kjem du til eit nes, sving venstre og følg land inn til og rundt Makrellvågen. Her er det mange fine bukter og eit godt beskytta område.

Når du kjem ut av Makrellvågen rundar du Griseholmen på nordsida før du svingar høgre og held ein vestlig kurs mot Hestholmen, her får du ei meir eller mindre rett linje på om lag 1,3 km før du kjem til austlegaste punktet på Hestholmen. Her svingar du høgre og fortsetter sørvestover, du velge sjølv om du vil padle inn mellom holmar eller på utsida av holmane tilbake til utgangspunktet.

Mellom Hestholmen og Bakarholmen er det ved fjøre sjø ikkje mogleg å padle heile strekket. På Bakarholmen finn du ei skjerna bukt som er ideell for pause. Innløpet vert stengt ved fjøre sjø, men det går fint å manøvrere seg mellom steinar og over tang og tare.

Ver merksam på båttrafikk i Breisundet.



Lenke til kartløyising:  
[Bit.ly/padlekart](https://bit.ly/padlekart)



[www.heroykajakk.no](http://www.heroykajakk.no)

**Ulykke ☎ 113**

Kvalitetsikra av:  
padling.no



## Padlevettreglar

1. Velg båt som høve til dine evne og til turen.
2. Sjekk at utstyret er i orden.
3. Kle deg etter vassstemperaturen. Ha med reservekle.
4. Ha alltid på deg godkjend padlevest.
5. Overvurder ikkje dine egne evner. Øv deg på redningsteknikkar.
6. Dersom du velte, forlat ikkje båt eller åre.
7. Ha respekt for ver og vind, og sjekk vermeldinga før du går ut i kajakk eller kano.
8. Hald god avstand til andre båtar. Sørg for å bli sett.
9. Lær deg livredning.
10. Ver miljøbevisst. Vis omsyn overfor naturen. Husk sporlaus ferdsel

